

Referat fra styremøte torsdag 12. august 2014 kl. 10.00 – 17.00.

Møtet vart halde på Spidsbergseter i samband med InterNorden-arrangementet i regi av NSG.

Deltakere: Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg og Pål Kjørstad. Grunna ant. dårleg tid i løpet av bussturen kom ikkje Ellen Marie Syse og Tore Krogsveen til møtet. Anders Svare hadde meldt forfall.

Sakliste:

Sak 40/2014: Referatsaker

Møte angående «beiteneksaka» på Otta 09/07. NSG m/NB og NBS kalla inn til møte angående den såkalla «beiteneksaka» i Oppland. NSG stilte med Tone Våg og Kari Anne Wilberg, Norges Bondelag stilte med Finn Erlend Ødegård og Norsk Bonde- og Småbrukarlag stilte med John Petter Løvstad, som var møteleiar. Sidsel Røhnebæk stilte frå FM i Oppland, OSG stilte med Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenget og Pål Kjørstad, OB stilte med Trond Ellingsbø, Ola Råbøl, Ole Kristian Oldre og Marthe Dypdalen og OBS stilte med Terje Holen. 14 av 20 partar i saka møtte.

Innleiarar var: Finn Erlend Ødegård, Pål Kjørstad, Sidsel Røhnebæk og Tone Våg. Referat frå møtet v/Kari Anne Wilberg kjem seinare.

Sak angående Langsua Nasjonalpark, som kom fram i media heilt opp til Østnytt, var positivt for oss. Saka omhandla kort sagt utfordringane beitebrukarane har i den nye nasjonalparken. Klara Karlsen, Hans Bernhard Jahren og Arnfinn Beito fekk peikt på forholda på ein god måte.

InterNorden – arrangement i regi av NSG. Arrangementet vart lagt til Oppland og Spidsbergseter m/representantar frå Færøyane, Island, Sverige og Finland i tillegg til Norge. Dei einskilde landa presenterte sau og geithald i deira land med fokus på spesielle tema, medan Norge vart presentert av Tone Våg, Sidsel Røhnebæk, Kari Anne Wilberg, Thor Blichfeldt, Øivind Løken og Pål Kjørstad. Arrangementet inneheldt òg utflukt der deltakarane fekk vitja setra til Ragnhild og Øyvind Krogsveen med geitehald og Sanke-, sortering og vegeanlegget til Fåvang Gjetarlag i Tromsbua med Vidar Dahlgren og Ola Nordrum som vertar. Besøket til det nye sauefjøsset til Anita og Odd Arne Myromslien i Kvam vart dessverre kanselert grunna tidspress.

Sak 41/2014: Seminarprogram til årsmøtehelga 2015:

Forslag til tema:

1. Erstatningsoppgjeret 2014 på bakgrunn av nye forskrifter m/foredrag v/FM i Oppland, Miljødirektoratet og NILF.
2. Gjerdeutfordringar, streifbeiting m/foredrag v/Jordskiftedommar, Mattilsynet, Kommune
3. Gjetarhund – kurs/prøver – brukshund m/foredrag – nye tankar v/eigna person.

Det vart i fyrste omgang vedteke å tenkja og planleggja noko rundt desse tema fram til nest e styremøte.

Sak 42/2014: Eventuelt:

Heimesida og artikkelen om freda rovvilt vart teke opp. Styret vedtok at OSG laut støtta dette arbeidet på same måte som OB og OBS.

Rutinar, møter og kjøring i styret. Det vart presisert at alle som kan få det til køyrer saman til styremøter og andre møter som styret møter på. Det vart òg presisert at OSG berre dekker kjøring til styremøter og andre møter frå heimeadressa til tillitsvalde, dersom ikkje spesielle høver talar for noko anna.

Det vart diskutert møta som FM har kalla inn til på Lesja og i Vågå 13/08, der planlagt tidleg nedsanking er lova. Oppland Sau og Geit har eit årsmøtevedtak frå årsmøtet på Fagernes 2009, som seier at organisasjonen seier nei til slikt.

Venabygd, 12/08 2014, Pål Kjørstad, sekretær.